



Arkivnr: 2015/2954-1

Saksbehandlar: Ronny Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015

### Gjennomgang av knutepunktordninga - invitasjon til innspel

#### Samandrag

Kulturdepartementet er i gong med ein gjennomgang av knutepunktordninga. Føremålet med gjennomgangen er å finne ut om føremål og innretting av ordninga vurderast som tenleg i dag, og undersøke om det kan vere betre vis å ivareta føremålet på.

Departementet starta opp evalueringar av dei einskilde knutepunkta i 2010. Etter at dei siste evalueringane no er avslutta, vil departementet gjera ein samla gjennomgang av heile ordninga.

Arbeidet skal utførast internt i departementet, og det er meininga å presentere framlegg til eventuelle endringar i budsjettproposisjonen for 2016.

Det er høve til å komme med innspel via Kulturdepartementet si nettside innan 20. mars.

Fylkesrådmannen vil peike på at knutepunktinstitusjonar bør opprettast og følgjes opp i dialog mellom sentrale, regionale og lokale mynde. Samstundes er det og viktig å stimulera til mangfald og bredde i kulturliv og – uttrykk, mellom anna gjennom andre gode stønadsordningar.

#### Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til framlegg til innspel til Kulturdepartementet om knutepunktordninga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.03.2015**

Kulturdepartementet er i gong med ein gjennomgang av knutepunktordninga. Føremålet med gjennomgangen er å finne ut om føremål og innretting av ordninga vurderast som tenleg i dag, og undersøke om det kan vere betre vis å ivareta føremålet på.

Departementet starta opp evalueringar av dei einskilde knutepunkta i 2010. Etter at dei siste evalueringane no er avslutta, vil departementet gjera ein samla gjennomgang av heile ordninga.

Arbeidet skal utørast internt i departementet, og det er meininga å presentere framlegg til eventuelle endringar i budsjettproposisjonen for 2016.

Innspel frå aktuelle aktørar og interessentar er viktige bidrag til gjennomgangen. Kulturminister Thorhild Widvey har såleis teke imot innspel på følgjande møter:

- Trondheim, Dokkhuset, 16. februar kl. 11.00-13.00
- Bergen, Clarion Hotel Bergen Airport, 17. februar kl. 11.00-13.00
- Oslo, Auditoriet R5, Akersgata 59, 26. februar kl. 09.00–11.00
- Tromsø, Quality Hotel Saga, 16. mars kl. 16.30-18.30

I tillegg er det høve til å komme med innspel via Kulturdepartementet si nettside innan 20. mars.

### Om knutepunktordninga

Den statlege knutepunktordninga vart etablert i 1995 og omfattar i dag 16 festivalar og festspill. Av desse er 12 på musikkområdet, i tillegg kjem ein festival kvar for biletkunst, scenekunst, litteratur og kortfilm.

I 2015 går det i alt 99 millionar kroner til knutepunktfestivalar på Kulturdepartementet sitt budsjett. Storleiken – 82 millionar kroner – går til musikkfestivalar. I tillegg kjem musikkfestivalstøtta i Norsk kulturfond, som i 2015 er på om lag 47 millionar kroner. I tillegg kjem tilskot til andre typar festivalar frå fondet.

Statstilskot til knutepunktinstitusjonane føreset at regionen og bidrar med tilskot etter ein avtalt fordelingsnøkkel. Det er stor variasjon mellom knutepunkta når det gjeld kunstnarleg profil, omfang og verksemd, men alle har fått oppgåver ut over sin ordinære kunstnarlege verksemd og lokale forankring.

### Kriterium for ordninga

Kriterium for knutepunktoppdraget er nærare definerte i St. meld. nr. 10 (2007–2008).

Knutepunkta vil ha det til felles at dei har fått oppgåver ut over si ordinære kunstnarlege verksemd og lokale forankring. Innretninga på oppdraget og omfanget vil variere avhengig av profilen til knutepunktet og ressursane.

Departementet legg i St. meld. nr. 10 (2007–2008), særleg vekt på følgjande kriterium som grunnlag for vurdering og evaluering av knutepunkta:

- forankring til stad
- festivalaktivitet kvart år
- kunstnarleg leiande
- koordinering og samarbeid
- nasjonal og internasjonal orientering
- nyskapande og utviklingsorientert
- publikumsutvikling
- god ressursutnytting
- regional medverknad.

I ordninga i dag er det berre Festspillene i Bergen som er med frå Hordaland. Elles på Vestlandet er Molde International Jazz Festival, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og Norsk Countrytreff med.

For øvrig inngår desse i den nasjonale ordninga:

Festspillene i Nord-Norge, Olavsfestdagene i Trondheim, Ultima – Oslo Contemporary Music Festival, Festspillene i Elverum, Notodden Blues Festival, Øyafestivalen, Stiftelsen Horisont/Mela, Riddu Riddu Festivala, Nordnorsk kunstnersenter/Lofoten internasjonale kunstfestival, Peer Gynt-stemnet, Kortfilmfestivalen i Grimstad og Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undsetdagene.

### Innspelsmøtet i Bergen

Hordaland fylkeskommune var ansvarleg for tilrettelegging av møtet som vart halde på Clarion Hotel Bergen Airport, 17 februar. Det var gått ut brei invitasjon til kulturlivet på Vestlandet.

På møtet var det samla kring 25 deltakarar, og det vart halde innlegg frå Nattjazz, Vossajazz, BIFF, Bergen Assembly, Festspillene, BRAK og Norsk Countrytreff. I tillegg deltok nokre representantar frå andre kulturaktørar, samt offentleg forvaltning.

Kulturministeren innleia og streka under at det vil kome endringar i ordninga med målsettinga å auke kvaliteten og styrke regionane. Statsråden peika på at festivallandskapet dei siste åra har vore i stor endring, og at det såleis er naudsynt å gjennomgå ordninga, mellom anna med tanke på konkrete kriterium. I tillegg må ein sjå på ordninga i relasjon til andre ordningar, som til dømes festivalstøtta til Norsk Kulturråd og gåveforsterkingsordninga.

I forkant vart det halde møte mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune for å legge til rette for ei innleiing som vart presentert i fellesskap av fylkesvaraordførar Mona Hellesnes og byråd for kultur, næring, idrett og kyrkje Helge Stormoen

### Framlegg til innspel frå Hordaland fylkeskommune

Ein nasjonal institusjon bør fylle kriteria om relevans for heile eller store deler av landet. Den må inneha høg kompetanse, ha profesjonalitet i alle ledd, eit breitt nedslagsfelt geografisk og ha nasjonale og internasjonale nettverk. Verksemda skal i prinsippet tene heile landet.

Når ein institusjon, festival eller organisasjon får knutepunktstatus, og dermed økte løyvingar, vil dette kunne ha avgjørande tyding både på utvikling av kvalitet og kompetanse og på formidling av kunst- og kultur i heile landet.

På denne bakgrunn gjer fylkesrådmannen framlegg om at følgjande vert sendt som innspel frå Hordaland fylkeskommune til Kulturdepartementet:

Følgjande kriterium bør leggest til grunn for knutepunktstatus:

- **Kvalitet;** institusjonen sitt renommé nasjonalt/internasjonalt, og profesjonalitet
- **Relevans;** relevans for sjangeren, øvrige aktørar innan kunstfeltet, samfunnsrelevans
- **Nedslagsfelt;** tyding for ein region eller landsdel
- **Rolle innan sjangeren;** utviklingsaktør innan sjangeren, kompetansenivå og kompetansespreiing

Verksemder med knutepunktstatus må:

- Styrke og stimulere det heilårlege kunst og kulturmiljøet.
- Ha eit fundament i det regionale/lokale kunst og kulturliv og som hovudregel springe ut av mangeårig aktivitet av sterke innhaldsprodusentar.

- Vere ein manifestasjon av høg kompetanse, høg aktivitet og særpreg.
- Vere arenaer for gjestekunstnarar og gjestespel, noko som inspirerer og hever kompetansen lokalt og regionalt. Det er viktig med vekselverknad mellom det lokale og internasjonale gjennom samproduksjonar, kunstnarutveksling og nettverksutvikling.
- Gjennom kulturpolitiske mandat ha eit ansvar for å løfte frem regionen sine fremste og nyaste grupper og artistar.

Hordaland, og særleg Bergen som regional motor, har mange større og fleire spissa festivalar. Dette representerer eit mangfald som samla sett femnar eit stort publikum. Bredda i festivaltilbodet både reindyrkar og utvider musikkjangrar.

Nisjeprega festivalar er viktige fordi dei gir stor eksponering av spesifikke kunstsjangrar, ofte med stor internasjonal merksemd.

Jamvel om det er viktig å gje naudsynt tyngde til ein skilde verksemdar gjennom knutepunktstatus, er det samstundes viktig å stimulera til mangfald og bredde i kulturliv og – uttrykk, mellom anna gjennom andre gode stønadsordningar. Det er viktig for kvalitetsutvikling og måloppnåing å kunne arbeida langsiktig og systematisk, og det er viktig å oppretthalde bredde i kulturuttrykka. Dette kan vere ei utfordring, særleg for større festivalar utan knutepunkttoppdrag, men som likevel er viktige for sine respektive uttrykk.

Når det gjeld tildeling av knutepunktstatus og drift av verksemdar med knutepunkttoppdrag, bør det leggest vekt på *dialog* mellom den statlege, den regionale og den lokale forvaltninga. Alle forvaltningsnivåa bør kunne kome med framlegg til tildeling av knutepunktstatus. Det er viktig å avklare kven som skal ha avgjerande mynde og korleis finansieringa skal vere. Endringar i driftstilskot frå ein part, har konsekvensar for alle finansieringspartane.

**Konklusjon:** Knutepunktinstitusjonar bør opprettast og følgjes opp i dialog mellom sentrale, regionale og lokale mynde. Samstundes er det og viktig å stimulera til mangfald og bredde i kulturliv og – uttrykk, mellom anna gjennom andre gode stønadsordningar.

### Knutepunktstatus i Hordaland

Festspillene i Bergen er einaste knutepunktverksemd i Hordaland. Det er særst viktig for regionen og Bergen at Festspillene har slik status. Festspillene er eit flaggskip med eigenproduksjonar, samproduksjonar, gjestespel og gjestekunstnarar. Festspillene i Bergen er ein integrert og vital del av kulturlivet i Bergen og Hordaland. Festivalen er godt forankra i det regionale kulturlivet og dei andre nasjonale kulturinstitusjonane i regionen.

Gjennom fleire år har Festspillene bygd opp kompetanse og erfaring som er unik i regional og, kanskje også nasjonal, samanheng. Festivalen er derfor eit ressurs- og kompetansesenter for liknande arrangement og institusjonar i byen, regionen og også nasjonalt. Festspillene har og vært offensive med å ta i bruk arenaer som styrker forankringa i regionen.

I denne samanhengen er det ikkje lagt opp til vurdering av nye, aktuelle knutepunkt. Fylkesrådmannen vil likevel peike på nokre viktige festivalar i Hordaland som kan vere aktuelle for knutepunktstatus. Det vil sjølvstundt vere trong for ein grundigare prosess dersom det skulle gjerast ei reell prioritering blant desse eller andre, men det er viktig å understreke at Hordaland har eit rikt og mangfaldig festivaltilbod av særst høg kvalitet.

- Litteratursymposiet i Odda – Har blitt den største regionale litteraturfestivalen og har sikta mot heilårleg drift gjennom etablering av Sentralbadet litteraturhus.
- Poesifestivalen i Ulvik – Er ein biennale som har fått eit profesjonelt fotfeste gjennom etableringa av Olav H Haugesenteret og organiseringa under Nynorsk Kultursentrum. Har eit framtidig potensiale.

- BIFF viser det beste av samtidsfilmen og fått ein markant plass i det norske filmlandskapet, særleg innan framsyning av dokumentarfilm. BIFF er og ein unik møteplass for filmbransjen og ein arena der publikum kan få filmskaparane i tale. I tillegg til filmframsyning, vert det arrangert Nasjonalt dokumentarfilmseminar, ulike bransjetreff, debatter og seminar.
- Borealis – Festival for samtidsmusikk med stor regional og internasjonal verksemd. Sterkt fokus på nye formidlingsformer og kulturmøte.
- Bergen Assembly – samtidsfestival innan visuell kunst. Tek utgangspunkt i Bergen kommune sin kunstpolitikk og prioriteringar. Er det største nasjonale flaggskipet innan visuell kunst med betydeleg internasjonal merksemd og relevans.
- Nattjazz - som er spissa i sitt kulturpolitiske mandat. 60% nyskrive musikk og ein stor del av nye artistar og grupper som løftast fram. Nattjazz er ein leiande festival innan sin sjanger og har sterk kompetanse.
- Vossajazz – som særleg gjennom sitt årlege tingingsverk og Vossajazzprisen har medverka til utvikling på jazzfeltet i Noreg.